

ÅRSMELDING FOR HAREID SOKN 2016



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid Sokn

INNHALDSLISTER

Saksliste årsmøtet	2
Soknepresten	3
Soknerådet	4
Rekneskap og budsjett	6
Statistikk	7
Diakoniutvalet	8
Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet	8
Misjonsutvalet	9
Gudstenesteutvalet	10
Kyrkjemusikalsk utval	11
Undervisningsutvalet	12
Frivilligsentralen	14
Hareid mini- og barnekantori	16

SAKSLISTE ÅRSMØTE

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2016 for Hareid sokn
3. Førebels rekneskap 2016
4. Budsjett 2017

Årsmelding for Hareid sokn 2016 er utarbeidd av sokneråd, underutval og staben i Hareid sokn, og godkjent i soknerådsmøtet 14. februar 2017 i sak SR 10/17.

for Hareid sokneråd

Jan Erik Hovland
kyrkjeverje

24. februar 2017, Hareid.

ÅRSMELDING 2016 FOR SOKNEPRESTEN I HAREID

Stillinga som sokneprest vart i 2015 utlyst to gongar utan at det kom søkjarar. For oss som bur i soknet har det vore heller uforståeleg. Hareid kommune er ei oversikteleg kommune på om lag 5000 innbyggjarar. Vi har ei kyrkje som eg vil kalla rotfesta i folket, og som dei er glade i. Eg trur at våre forfedre har vore med på å lagt grunnen til dette. I det høve vil eg nemne spesielt gamleklokkaren, Lars Hareide. Han var med og stifta indremisjonen ungdomsforeininga, søndagsskulen blant anna. Han var bevisst på at desse organisasjonane måtte vere knytt nær opp til kyrkja. Eg meiner han la grunnlaget for ei samling av folket og dei kristelige organisasjonane. Hans grundtvigianske kristendomssyn har vore med å prege både det kyrkjeloge og kulturelle livet i Hareid heilt fram til i dag. Kyrkja og bedehuset har gått hand i hand, og dette har, meiner eg, har gjort sitt til at vi ikkje har hatt særleg behov for frimenigheter i Hareid. Denne arven er det viktig å take vare på.

Vi har eit mangfaldig arbeid i kyrkjelyden og eit godt samarbeid med andre frivillige og kulturelle lag og organisasjonar. Av kyrkjelydsarbeidet må nemnast det breide trusopplæringsarbeidet som femner alle årstrinn frå 0 til 18 år.

Det var med ei viss ærefrykt eg sa ja til å gå inn

som vikar i full stilling frå årsskiftet. Å skulle vere prest i si eiga heimbygd kunne by på utfordringar. Men eg er takknemleg for den mottaking eg har fått og for det gode samarbeidet vi har ved kyrjekontoret. Dette var medverkande til at eg søkte på stillinga som sokneprest då den vart utlyst for tredje gongen. Og eg vonar at det kan vere med å gi ro og forutsigbarheit for kyrkjelyden. Eg gjekk då over frå å vere vikar til sokneprest den 1. november i 2016.


Arbeidet som sokneprest er mangfaldig, til dømes nemnast andakter på Hadartun, ulike samtaler, dåpssamlingar/samtalar, soknebod/nattverd i heimen, deltaking i krise-og omsorgsgruppa i Hareid, deltaking i råd og utval, deltaking i trusopplæring,

forkynning/andakter i ulike samanhengar o.a. Soknepresten deltek også i beredskapsordninga for prostiet.

Som det går fram av statistikken, har det vore 60 gudstenester i 2016. 10 av gudstenestene er knytt til trusopplæringa. 4 gudstenester har vore på Hadartun, friluftsgudstenester på Mels-hornet, Almskleiva og Kvitneset, på bedehuset i Hjørungavåg og Bigset og på Ishavsmuseet Aarvak. Der var 45 andakter ved Hadartun. I 2015 var det 2 vigsler men i 2016 11. I 2015 vart det døypt 56 og 2016 48. Tala for konfirmerte er 56 for 2015 og 49 for 2016. Av gravferder var det 38 i 2015 og 48 i 2016. Vi fekk 2 innmeldingar i 2016 og 14 utmeldingar.

Tala viser ein stabilitet i kyrkjelyden, likevel merkar ein at tradisjonen med å «gå til gudstjeneste» søndags føremiddag svinn litt etter litt. Fellesskapet kring gudstenestene, behovet for å kome saman inn for Guds velsigning, styrker både den einskilde og kyrkjelyden. Guds ord et er vår fedreav, syng vi. Skal denne arven gå vidare til nye generasjonar, må desse sjå at arven er verdifull.

Hareid 31.12.2016
Leidulv Ø. Grimstad
sokneprest



Leidulv Øyvind Grimstad
sokneprest

ÅRSMELDING 2016 FOR HAREID SOKNERÅD OG HAREID KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sokneråd/ fellesråd

Leiar	Hege Tretnes (til august)
Nestleiar	Gunmar Grimstad (til august)
Leiar frå august	Gunmar Grimstad
Nestleiar frå august	Kjersti Røyset Topphol
Medlemer	Turid Engen, Bjørg Vartdal Hareide, Elisabeth Myrene, Lars Sellereite, Wenche Iren Roppen, Hege Tretnes
Varamedlemar	Lidvar Arne Grimstad, André Gjerde, Dagfinn Snippsøyr, Hallvard Sæverud, Greta Sandanger Goksøyr, Jahn Kjell Fjørtoft, Elsa Hasund
Geistleg repr.	Soknepresten i Hareid
Geistleg vararepr.	Soknepresten i Ulstein
I fellesrådet i tillegg:	
Kommunal repr.	Kristian Fuglseth
Kommunal vara	Marit Johanne Øien Sæverud

I tillegg har soknet hatt følgjande underutval:

Arbeidsutval, administrasjonsutval, diakoniuval, forhandlingsutval, gudstenesteutval, kyrkje- og kyrkjegardsutval, kyrkjemusikalsk utval, misjonsutval og undervisningsutval. Dei fleste av desse leverer eiga årsmelding.

Hareid sokneråd/Hareid kyrkjelege fellesråd har i 2016 vore samla totalt 9 gongar; soknerådet har handsama 31 saker, fellesrådet har handsama 36 saker.

Rådsmøta vert vanlegvis haldne på kyrkjekontoret. Dei er opne for tilhøyrarar, møteplanen og referat finn ein på soknet si nettside hareid.kyrkja.no.

Kyrkjelydsmøte/årsmøte

Årsmøtet vart halde på Hareid bedehus søndag 13.mars rett etter gudstenesta. Det vart servert brennsnut, og om lag 45 menneske møtte. Årsmelding og rekneskap vart teke til vitande. Tema for diskusjonen rundt borda var det nye visjonsdokumentet. Underutvala sine konkretiseringar vart behandla og nye innspel for det vidare arbeidet kom fram i plenumsamtalen.

Innsettingsgudsteneste

Søndag 6. november vart Leidulv Øyvind Grimstad innsett som sokneprest i Hareid. Etter ei flott gudsteneste med korsong og mange deltakande skipa soknerådet til kyrkjekaffi på bedehuset. Prost Ingeborg Matre og soknepresten i Ulstein, Margit Holte, tok del i gudstenesta og kom med helsingar under kyrkjekaffien.

Tilsette og frivillige

Med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar:

Kyrkjeverje	Jan Erik Hovland 80%
Sekretær	Eli-Sølvi Jønsson, 50 %
Kantor	Ida Teige, 100 %
Kyrkjelydspedagog	Barbro Landmark, 100 %
Medarbeidar i trusoppl.	Eli-Sølvi Jønsson, 50 %
	Anvor Sukka, timelønt
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.	Bjarte Sunde 100%
Hareid Frivilligsentral	Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %
Ungdomsarbeidrarar	Guro Topphol 20% til juni og Dagny Karin Topphol timelønt Ole-Markus Pilskog 30% og Lill-Marte Apelseth 20%, frå august. (lønna gjennom Hareid KFUK-KFUM)
Vikarar / ekstrahjelper	Håkon Orten Trovåg, Leiv-Arne Hansen, Lill-Marte Apelseth, Odd Lykstad, Ingrid Nerhoel, Ståle Helvig, Lidvar Grimstad, William Kvalsund.

Med Møre bispedøme som arbeidsgjevar:

Sokneprest	Leidulv Ø. Grimstad
Sokneprest i Ulstein	Margit Lovise Holte
Kapellan i Ulstein	Jørgen Skogestad Kleiven

Frivillige i gudstenesta:

Klokkarar	Bjørg Vartdal Hareide, Odd Erling Norheim Eriksen, Eivind Bjåstad, Inga Gjelsvik Barstad, Kjersti Røyset Topphol.
Medhjelparar	Marit Øien Sæverud, Turid Engen, Inga Gjelsvik Barstad, Gudrun Bu Pilskog
Forbønsgruppe	Ole-Markus Pilskog, ansvarleg.
Kyrkjevertar	Aslaug Holstad, Ingebjørg Mork, Reidun Melhus, Toril Sæter, Sunnøye Overå Hide, André Gjerde, Hege Tretnes, Nina Løvik, Petra Bakkely, Lars Sellereite, Wenche Roppen, Gunmar Grimstad, Elisabeth Myrene, Lidvar Grimstad, Jorunn Ulstein, Kjersti Topphol.
Ansvar for lyd- og bilde	Arne Kåre Topphol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Jostein Nedrelid, Kjell-Arve Østrem
Blomar til gudstenestene	Anne Sofie Brandal, Judith Pilskog, Rigmor Skeide Liavåg
En stor takk	går også til forsongarar og solistar som har vore med og gitt gudstenestene våre eit musikalsk løft i 2016.

Andre frivillige:

Pianist andakter på Hadartun	Olav Fure, Lidvar Grimstad, Toril Sæther, Jan Erik Hovland
Ekstra vasking av kyrkja	Leonora Skrede, Bjørg Korsnes, Svanhild Larsen, Judit Pilskog.

I tillegg er det mange andre som også gjer ein innsats i og for kyrkjelyden vår.

Soknerådet ynskjer å rette ei stor takk til alle!


Hareid 01.02.2017
Gunmar Grimstad
Soknerådsleiar

Førebels rekneskap 2016 og budsjett 2017


	Bud. 2017	Rekn. 2016	Bud. 2016	Rekn. 2015	Rekn. 2014
KYRKJELEG ADMINISTRASJON					
Kommunalt tilskot	kr -3 698 000	kr -3 332 850	kr -3 332 850	kr -3 264 300	kr -3 191 500
Div. inntekter	kr -293 000	kr -461 918	kr -316 008	kr -367 660	kr -406 728
Sum driftsinntekter	kr -3 991 000	kr -3 794 768	kr -3 648 858	kr -3 631 960	kr -3 598 228
Personalkostnader	kr 866 500	kr 802 516	kr 800 500	kr 749 851	kr 756 619
Andre driftsutgifter	kr 1 428 200	kr 954 670	kr 976 050	kr 1 017 861	kr 1 028 581
Sum driftsutgifter	kr 2 294 700	kr 1 757 186	kr 1 776 550	kr 1 767 712	kr 1 785 200
RESULTAT	kr -1 696 300	kr -2 037 581	kr -1 872 308	kr -1 864 247	kr -1 813 028
KYRKJA					
Driftsinntekter	kr -78 000	kr -78 624	kr -105 000	kr -104 455	kr -164 713
Personalkostnader	kr 910 500	kr 340 704	kr 302 500	kr 267 135	kr 391 149
Andre driftsutgifter	kr 289 000	kr 309 862	kr 304 008	kr 362 175	kr 441 537
Sum driftsutgifter	kr 1 199 500	kr 650 566	kr 606 508	kr 629 310	kr 832 686
RESULTAT	kr 1 121 500	kr 571 942	kr 501 508	kr 524 855	kr 667 973
KYRKJEGARDEN					
Driftsinntekter	kr -303 000	kr -339 093	kr -242 000	kr -414 837	kr -449 917
Personalkostnader	kr 340 500	kr 386 105	kr 374 500	kr 355 352	kr 443 709
Andre driftsutgifter	kr 173 000	kr 202 876	kr 215 500	kr 292 244	kr 357 857
Sum driftsutgifter	kr 513 500	kr 588 982	kr 590 000	kr 647 597	kr 801 566
RESULTAT	kr 210 500	kr 249 889	kr 348 000	kr 232 760	kr 351 649
UNDERVISNING & TRUSOPPLÆRING					
Sum tilskot og refusjonar	kr -599 000	kr -608 000	kr -593 000	kr -593 000	kr -655 000
Div inntekter	kr -99 000	kr -103 235	kr -86 000	kr -75 497	kr -114 257
Sum driftsinntekter	kr -698 000	kr -711 235	kr -679 000	kr -668 497	kr -769 257
Personalkostnader	kr 895 500	kr 942 450	kr 891 000	kr 823 660	kr 896 979
Andre driftsutgifter	kr 155 500	kr 143 228	kr 155 000	kr 140 620	kr 145 590
Sum driftsutgifter	kr 1 051 000	kr 1 085 679	kr 1 046 000	kr 964 280	kr 1 042 570
RESULTAT	kr 353 000	kr 374 443	kr 367 000	kr 295 783	kr 273 312
KYRKJEMUSIKK					
Driftsinntekter	kr -14 500	kr -58 746	kr -46 000	kr -29 240	kr -108 530
Personalkostnader	kr 17 800	kr 712 513	kr 680 500	kr 655 050	kr 682 634
Andre driftsutgifter	kr 18 000	kr 13 336	kr 21 300	kr 29 815	kr 40 664
Sum driftsutgifter	kr 35 800	kr 725 848	kr 701 800	kr 684 864	kr 723 298
RESULTAT	kr 21 300	kr 667 102	kr 655 800	kr 655 624	kr 614 768
FRIVILLIGSENTRALEN					
Driftsinntekter	kr -741 000	kr -638 337	kr -668 000	kr -650 246	kr -604 365
Personalkostnader	kr 616 000	kr 589 608	kr 586 000	kr 538 396	kr 563 249
Andre driftsutgifter	kr 142 500	kr 283 968	kr 107 000	kr 90 451	kr 83 830
Sum driftsutgifter	kr 758 500	kr 873 576	kr 693 000	kr 628 847	kr 647 079
RESULTAT	kr 17 500	kr 235 239	kr 25 000	kr -21 399	kr 42 714
DRIFTSRESULTAT					
	kr 27 500	kr 61 033	kr 25 000	kr -176 624	kr 137 388
Bruk av disposisjonsfond	kr -27 500	kr -183 650	kr -25 000	kr -20 700	kr -125 369
Avsetninger	kr -	kr 85 608	kr -	kr 10 208	kr 71 098
MER-/MINDREFORBRUK	kr -	kr -37 009	kr -	kr -187 116	kr 83 117

ÅRSSTATISTIKK FOR HAREID SOKN


Inn- og utmeldingar




Medlemmar og tilhørige i DNK




Gudstenestebesøk




Døypte heimehøyrande i soknet



Nattverdsdeltaking



Kyrkjeoffer



ÅRSMELDING 2016 FOR DIAKONIUTVALET

Medlemmer: Bjørg Vartdal Hareide (leiar), Greta Sandanger Goksøyr (skrivar), Reidun Melhus, Ole Markus Pilskog, Heidi Pedersen Kvalsvik (dagleg leiar frivilligsentralen), Leidulv Grimstad (sokneprest).

Diakoniutvalet hadde i 2016 fem møte.

Mest arbeid var lagt ned i utforminga av "Plan for diakoni i Hareid kyrkjelyd", som i februar vart godkjent av soknerådet og sendt vidare til biskopen.

Andre viktige saker:

- Å konkretisere utkastet til nytt visjonsdokument for soknet utifrå diakoniplanen.
- Korleis skal vi klare å gjennomføre diskoniplanen? Kva prioriterer vi?

Elles hadde diakoniutvalet som vanleg ansvaret for fellesmåltidet etter gudstenesta på skjærtorsdag og medansvar for minnegudstenesta laurdag før helgemessesøndag.

Bjørg Vartdal Hareide
leiar

ÅRSMELDING 2016 FOR KYRKJE- OG KYRKJEGARDSUTVALET

Medlemmar i utvalet har vore: Jostein Nedrelid, André Gjerde, Torgeir Ringstad, Lars Sellereite (leiar), Bjarte Sunde (kyrkjegardsarbeidar), og Jan Erik Hovland (kyrkjeleverje)

I kyrkjegardsutvalet har vi hatt fire møter, dette gjeld for det aller meste saka om varme/golv i kyrkja. I hausten -16 vart det sendt ny søknad til bispedømerådet.

Det vart også gjort dugnad på kyrkjegarden i april.

Vidare har nokon jobba med enkelte prosjekt.

Vi ventar på pristilbod på å byggje benk og skap i dåpsakristiet.

Lars Sellereite
leiar

ÅRSMELDING 2016 FOR MISJONSUTVALET

Utvalet har bestått av 5 medlemar : Kjersti Røyset Toppol (leiar), Petra Bakkely, Odd Lykstad, Jahn Kjell Fjørtoft og Eli-Sølvi Jönsson

Misjonsutvalet hadde 5 møter i 2016.

Misjonsutvalet har arbeidd med kyrkjelyden sitt visjonsdokument, og kome med uttale og forslag om særleg dei delane som handlar om misjon.

Misjonsutvalet har også i år vore med på å arrangere kyrkjelyden sin misjonsdag på Holesanden.

I 2016 vart misjonsdagen sett til 12.juni. Inntekta gjekk kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand.

Misjonsdagen starta med gudsteneste. Asbjørg Oksavik Sve frå NMS talte under gudstenesta og kom med misjonsinformasjon etterpå. Ten Sing deltok under gudstenesta.

Etter gudstenesta var det i tillegg til misjonsinformasjon loddssal og trekning av loddbøker. Det var sal av grillmat, karbonadar og pølser, med brød og salat. Dessutan kaker og kaffi. Det var godt ver og bra frammøte.

Overskot kr 14.304 og i tillegg offer på kr. 7.130 vart overført til NMS. Stor takk til dei som deltok på ulike måtar.

Søndag 20.november hadde medlemene i misjonsutvalet saman med 10-åringane i trusopplæringa ansvar for Middag og Misjon etter barnas misjonsdag i kyrkja. Samlinga var i storsalen i bedehuset. Det var sal av brennsnut. Det kom mykje folk, så vi gjekk tom for brennsnut, men hadde heldigvis kaker som var igjen frå misjonsbasaren kvelden før. May-Lisbeth Hovlid Aurdal heldt preika i kyrkja og ho hadde også innslag på Bedehuset med biletet frå prosjektet i Thailand. Det vart selt årar og lodd på bok. 10-åringane hadde laga mange av gevinstane til åresalet.

Barne-og Minikantoriet tok del både i kyrkja og på bedehuset. Overskotet vart på kr 6.826.

Tilsaman vart det sendt kr. 59.318 til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Då er også kyrkjeofringar på 23.057 og Barne- og Minikantoriet sin basar med kr 8.001 medrekna.

Kjersti Røyset Toppol
leiar



ÅRSMELDING 2016 FOR GUDSTENESTEUTVALET

Medlemmar

Desse har sete i utvalet : Leidulv Grimstad, Barbro Landmark, Arne Kåre Toppol, Synnøve Overå Hide og Turid Engen.

Vi har hatt 2 møter dette året. Saker som vi har diskutert har blant anna vore Dåp, kan vi gjere noko for å oppfordre dei som ikkje døyper borna sine til dåp?

- Ramma rundt dåpssamtalane
- Dåp under høgmessa
- Skal vi gå saman med ulike organisasjonar og starte oppatt bibeltimane på bedehuset?
- Kva skal til for at vi kan føle oss heime i kyrkja og ha lyst å gå til gudsteneste?
- Gudstenestelista for 2016

Fasteprogrammet

Påska var tidleg i 2016 så fastetida greip inn i vinterferien. Om dette hadde noko å seie for delta-kinga er usikkert.

10. februar: Askeonsdagsgudtenesta: Hareid Blandakor deltok, som dei ofte har gjort før.

17. februar var det Salmekveld. Dette var ein fin kveld med forsongarar og besøk av Cor Sonus som var hovudattraksjon. Det møtte rundt 70 tilhøyrarar.

24. februar: Temakveld. Leidulv snakka om "Store ord" som nåde, tru, frelse,- kva betyr dei for oss? Det var ca 20 frammøtte. Meininga var å få til ein samtale rundt temaet, men dette er vanskeleg å få til i kyrkja i kyrkjebenkane. Hadde det vore betre på bedehuset rundt småbord ?

2. mars: var det temakveld v/ Sørbø. Professor i språk ved høgskulen i Volda.


Teamet var sorg, korleis sorg blir brukt i litteraturen. Lite folk diverre.

9. mars: Solidaritets-/ungdomsgudsteneste med TenSing og konfirmantane. Mykje folk og ein fine kveld.

16. mars: var det påske-vandring for vaksne. Ikkje så mykje folk, men ei gripande og sterk oppleving for dei frammøtte.

Vi vil oppfordre foreiningar og lag til å leggje møta sine til fastetida i kyrkja for å støtte opp om kyrkjelyden vår og det som skjer der.

Turid Engen
leiar



ÅRSMELDING 2016 FOR KYRKJEMUSIKALSK UTVAL

Medlemmar:

Christoffer Bakkely, Leiv Arne Grimstad, Lidorvard Grimstad, Wenche Roppen og Ida Teige. Vi har hatt fem styremøter i 2016. Ved konserter og kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalget tatt del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgaver.

Salmekveldar

Vi har hatt 4 salmekveldar dette året. Vi har på desse hatt med Familien Knotten, damekoret Corsonus, Bigset blandakor. På internasjonal salmekveld hadde vi med fleire songarar og musikarar. Den sistnemnde var ein litt spesiell samling. Der var mange aktørar og mat frå mange ulike land. Det har vore gode tilbakemeldingar på alle og ynskje om att me held fram med desse kveldane.

Vi syng og spelar jula inn

Vi delte inn i to avdelingar som året før utan å tenke alder. Me synest dette er ei god inndeling og held fram likeeins dette året. Godt oppmøte på begge konsertane. Jørgen Skogestad Kleiven frå Ulstein kyrkjelyd heldt andakt på begge konsertane.

Kor, korps, solistar i gustenesta

Kykjelyden er svært takksam for alle dei som bidreg og berikar gudstjenestene våra med song og musikk gjennom heile året. Forsongargruppa har vore aktiv dette året, det vert satt opp halvårsplanar for kva tid kvar enkelt skal ta del. Det gjer det lettare å gjennomføre med dei nye og ukjende salmane.

Hareid Mini- og barnekantori

Hareid Mini-og barnekantori øver i kyrkja kvar Onsdag ettermiddag. Dei deltek på fleire gudstjenester iløpet av året.

Konserter arrangert av Hareid kyrkjelyd

- 24.01 Salmekveld, Familien Knotten deltok
- 17.02 Salmekveld, Corsonus deltok
- 28.09 Kulturveld/salmekveld
- 16.11 Salmekveld, Bigset blandakor deltok
- 25.11 Julenatt i stallen
- 18.12 Vi syng og spelar jula inn (2 konserter)

Konserter arrangert av andre

- 13.02 Brazz Brothers
- 03.03 Musikklaget Melshorn og Hareid Tensing
- 15.03 Brandalskoret
- 18.03 Ålesund Strykekvarsett
- 15.04 SKRUK
- 27.05 Hareid kammerkor
- 06.11 Hjørungavåg Brass
- 26.11 Merete Godø, Tina Brandal, Bjørn Holm m.fl.
- 07.12 Hareid Musikk og kulturskule

Utvalet held fram med å jobbe for gode musikalske stunder i kyrkja.

Wenche Roppen
leiar

ÅRSMELDING 2016 FOR UNDERVISNINGSUTVALET

Medlemmar

Gunmar Grimstad, leiar t.o.m 15.09.2016

Hege Tretnes, leiar f.o.m 15.09.2016

Elisabet G. Kirkebø, medlem

Vibeke Holstad, medlem

Kristian Fuglseth, medlem

Barbro Landmark, kyrkjelydspedagog

I september gjekk Hege Tretnes inn som nytt medlem etter at sitjande leiar Gunmar Grimstad tok over vervet som leiar i soknerådet. Hege Tretnes vart valt til ny leiar i undervisningsutvalet.

Møteverksemd

Det har vore halde 4 møter og behandla 5 saker.

Trass få saker i høve til antal møter viser det at det har vore arbeidd godt og grundig med dei som har vore. På våren har det vore arbeidd med visjonsdokumentet for soknet og på bakgrunn av det gjort seg opp tankar for mål i det vidare arbeidet i trusopplæringa. Områder som det må arbeidast vidare med er trusopplæring for vaksne. Utvalet er i ein prosess og på idestadiet på tiltak som engasjerer og aukar deltaking i kyrkjelyden i aldersgruppa som eksisterande tiltak ikkje femnar om.

Arbeidet med revisjon av trusopplæringsplanen har stått sentralt og vore brukta mykje tid på. Den reviderte planen har vore til godkjenning i soknerådet og er sendt til biskopen for endeleg godkjenning og tilbakemelding er venta i 2017.

Hege Tretnes
leiar



AKTIVITET I TRUSOPPLÆRINGA

Alder	Totalt antall timar i år	Tiltaksnamn	Deltakar prosent	Antal deltagar	Antal samlingar
0	1	Dåppssamtale - Saman på vegen	92,5	37	1
0-1	64	Saman på vegen - Babysong	25,32	20	16
1	2	Den fyrste song	38,46	15	2
2	2	Eg faldar mine hender små	30	15	2
3	0	Lytt, leik, lær	100	41	0
3	1	Kjære Gud, eg har det godt	31,71	13	1
4	5	Heime i kyrkja	65,85	27	4
5	5	Jesus har stått opp. Hurra! Hurra!	45,61	26	2
6	7	Eg høyrer Jesus til	60,42	29	6
7	11	Kong David og vi	36,73	18	2
8	8	Tårnagent	63,49	40	2
8	6	Guds gåver - vår glede og vårt ansvar	63,49	40	4
9	14	Perler i kransen - leirliv er topp!	65,85	27	2
10	12	Gud kjem til oss i Bibelens forteljingar - 10 år vår	64	32	6
10	6	Misjon - Guds gåver, omsorg og nærvær for alle	56	28	4
11	9	Kode B - born av Guds regnboge	30,23	13	5
11	6	I Guds omsorg	39,53	17	3
12	39	Juniorkonfirmant	60,78	31	13
13	13	Gled dykk, alltid!	53,45	31	2
15-15	60	Eg, Guds medarbeidar - Konfirmantundervisning	104,26	49	30
15	6	Konfirmert - kva so??	59,57	28	3
16	6	Når eg så skal ut i verda, 16 år - kva no?	58	29	1
17	5	På eiga hand - men aldri åleine.	24,56	14	1
18	4	Min draum - mitt liv. 18 år.	53,57	30	1



ÅRSMELDING 2016 FOR FRIVILLIGSENTRALEN

(kort versjon)

Eier av Frivilligsentralen: Hareid Sokn

Heidi Pedersen Kvalsvik har vært tilsett som daglig leder i 100% stilling.

Styret for 2016 har vært sammensatt slik:

Fra Soknet:

Elisabeth Myrene. Vara Bjørg Vartdal Hareide.

Hanne Holstad. Vara: Ragnhild Strømmegjerdet

Bjarne Sukka. Vara: Gunmar Grimstad

Fra Brukt og Billig butikken:

Ingebjørg Klungsøy. Vara: Åse Rise.

Fra frivillige lag og organisasjoner, i år representert av Norske Kvinners Sanitetsforening
Greta Kirkebø. Vara Kari Britt Løset.

Elisabeth Myrene har vært styreleder. Daglig leder har vært sekretær for styret.

Det har vært 6 styremøter, og det har blitt behandlet 26 saker.

Mål/Intensjonen med Frivilligsentralen.

Sentralen skal bidra til å skape møteplasser og være en samhandlingsarena for frivillighet i lokalmiljøet. Vi skal samordne den frivillige innsatsen som både privatpersoner og frivillige organisasjoner i Hareid utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen være et kontaktsenter for alle som ønsker å delta i frivillig virksomhet, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet.

Sentralen arbeider for å være åpen og inkluderende. Aktivitetene som var igangsatt i fjor, har fortsatt også i år. I år har det blitt arbeidet med å skape gode møteplasser og at mennesker skal trives med å komme sammen. Forebygge ensomhet og sykdom. Lokalene står også tilgjengelig til utlån og bruk for frivillige lag og organisasjoner, og vi motiverer disse til å bruke dem.

Det har også vært fokus på å styrke samarbeidet med lag og organisasjoner, for at sentralen skal finne sin naturlige samarbeidsposisjon og ikke være i konkurranse med disse.

Antall frivillige som gjorde en innsats i 2016 ligger på ca. 90 personer, der noen deltar på flere aktiviteter. Til sammen bidro disse med ca. 5500 frivillige arbeidstimer.

I tillegg til disse kommer ca. 200 foreldre til elevene på Hareid Ungdomsskole, som blir oppsatt til å gå natteravn en gang pr år. De ravner i sentrum hver fredagskveld/ natt, utenom skoleferiene.

Oppgaver:

- Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- Sette opp/ følge opp turnus for de frivillige som arbeider til faste tider.
- Drift av Bruktbutikken.
- Medarbeidermøter for Brukt og Billigbutikken.
- Organisere Natteravnene i Hareid. Rapportere til TRYG Forsikring.
- Oppdragsgiver for Friomsorgen i Ålesund.
- Oppdragsgiver for NAV.
- Oppdragsgiver for Furene A/S
- Språkpraksis for elev fra Ressurssentret på Hareid.
- Arrangement arbeid ifht «Den kulturelle spaserstokk»
- Fast medlem av Diakoniutvalget i Hareid Sokn. Delta/ lage til på Minnegudstjenesten og Skjærtorsdags- måltidet.

- Tett samarbeid med Hareid Kommune, Biblioteket, Ressurssenteret og Dagsenteret på Hadartun.
- Administrator for Facebook- sidene: Hareid Frivilligsentral, Tjukkasgjengen Chapter Hareid, og Brukt og Billig butikken
- Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentraler.
- Delta på Regionkonferanse.
- Styre/ leder samlinger på Søre.
- Arrangere årlig frivilligmøte.
- Delta på aktuelle kurs.
- Samarbeid med kommunen, Sjukeheimen (kulturkontakter)
- Samarbeid med ulike lag og organisasjoner, som Sanitet, Pensjonistlaget, Hareid Idrettslag, Lions, Eldrerådet, Seniordans, Solringen/svaksyntgruppa, Revmatikerlaget og Søre Sunnmøre tamilske kulturforening m.fl.

Frivillige bidro med ca 6050 timer i 2015. Da er ikke tatt med de som stiller med underholdning av ulik slag på julefest, eldretreff osv.

Aktivitet	Antall i 2016	Ca. ant. fri. timer
Strikkekurs m Saniteten	20 ganger	80 timer
Strikk og prat	12 ganger	48 timer
Strikkekafe' dagtid	15 ganger	90 timer
Kvinneforening, kveldstid	8 ganger	80 timer
Tjukkasgjengen Chapter Hareid	70 ganger	200
Eldretreff	10 treff	170 timer
Besøkstjeneste på Hadartun	42	168 timer
Besøkstjeneste i hjemmet	Ikke registrert	1 person gjør dette
Varesalg på Hadartun	25	200 timer
Bruk og Billig butikk	Åpent 6 dager i uken.	3700 timer
Julebord på Napoli for medarbeidere på B & B	1 gang	
Bibliotekdager	10 ganger	30 timer
Åremålsbesøk	15 ganger	
Natteravn	36 kvelder	400 timer
Sommer- og juleavslutning for aktivitetene.	4 ganger.	45 timer
«Alle til topps»	Tur til Almskleiva, 1 gang	12 timer
Hørselhjelp	12 ganger	24 timer
Seniornett	26 ganger	192 timer
Datakurs	3 dager, UVS	
Seniorsurf	2 kvelder	
Konserter etc: «Den kulturelle spaserstokk»	7 ganger	30 timer
Hjelp på Nattverdsgudstjeneste	4 ganger	48 timer
Utdeling av Frivilligprisen	1 gang	3 timer
Fest for de frivillige på Ishavsmuseet i Brandal	1 gang	
Lørdagskafe m/ Lions	2 ganger	80 timer
Leksehjelp for foreldre og barn- på Biblioteket	35 ganger	280 timer
Leksehjelp for innvandrerbarn	25 ganger	60 timer
Mat/ kultur	2 ganger	24 timer
Språkpraksis	3 mnd, 1 dag i uka	60 timer
Arbeidsutprøving	2 uker på B & B	20 time
Leve samlinger på sentralen	1 kveld	3 timer

I tillegg til faste aktiviteter er Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å beskrive eller tallfeste dette.

ÅRSMELDING (SKOLEÅRET) 2015-2016 FOR HAREID MINI OG BARNEKANTORI

Styret for koret har vært:

Styreleder: Nina Løvik

Nestleder: Trine Larsen

Sekretær: Aina Eilertsen

Styremedlem: Per Ove Riste

Vara: Trude B. Sørdal

Koret har vært med på følgende i året som har vært (2015 red.anm.):

Vi starta koråret med vanlige øvinger, og hadde planlagt korhelg **26.-27. september 2015**.

Vi inviterte flere kor til å komme å være sammen med oss den helga. Det var noen kor som kom, Fraena kom og Spjelkavik. Arrangementet var i samarbeid med Ung Kyrkjesong, Møre.

Hadde ei kjempekjekk helg med masse øving, leik og moro. Vi avslutta helga med ei strålende forestilling med Fiskemessa, i Hareid kirke på søndagen.

Dette var stor suksess for koret.

Vi hadde skaffet oss t-skjorter i forkant av dette arrangementet, slik at alle i koret var lett synlig

hvilket kor de hørte til.

Vi var med i gudstjenesta **4. oktober** på Bigset bedehus. Vi hadde framføring på Bigsetmessan andre helga i november, og hadde da noen sanger alene, og noen sanger sammen med Hareid Tensing. Dette var veldig stas for mini og barnekantori.

15. november var vi med på Barnas misjonsdag i Hareid Kyrkje, og på bedehuset på middag og misjon etterpå.

27. november var vi med på «julenatt i stallen» i Hareid Kirke.

9. desember hadde vi kosert på Hadartun.

16. desember hadde vi juleverksted og juleavslutning for koret. Da hadde vi en liten stund med sangøving, så var det formingsaktiviteter og litt kjeks og frukt.

Vi var med og sang julalåt inn **20. desember**.

Vi var også og sang på gudstjenesten i kirka på **julaften**.



2016:

Starta med flere vanlige øvinger.

Vi var med på karnevalgudstjeneste
7. februar.

5. mars arrangerte vi misjonsbasar til inntekt for misjonsprosjektet til Hareid kirke, «drømmen om ei framtid», ett barnehjem i Bangkok, Thailand.

Dette var en stor suksess også i år, selv om det kolliderte med flere



andre arrangement i bygda denne dagen. Barna sang, de solgte lodd, de var med på alt som hadde med basaren å gjøre, både forberedelser, gjennomføring og oppryddning. Dette synes barna var veldig gøy.

De fikk også overrekke sjekken på 8001 kr til de som er ansvarlig for misjonsprosjektet i Hareid, på en gudstjeneste **17. april.**

6. mars var vi med på gudstjeneste på Hjørungavåg bedehus.

20. mars var koret med på palmegudstjeneste.

3. april var koret og opptrødde på Hareid bedehus, dette var ett familiemøte.

22.-23. april hadde vi bestemt at årets avslutning på koråret skulle vi ta på Hakkalegarden. Vi hadde fått skreddersydd ett opplegg for våre ønsker, hvor vi fikk være med på stell av dyr, mating av dyr og masse kos med dyra. Det ble åri på hest til de sene kveldstimer. Vi grilla mat i lavoen, og vi sov i lavoen! Lavoen var akkurat ferdig bygd, og vi var første som fikk lov å sove i den. Vi fikk servert frukost av de på Hakkalegarden. Koret stilte seg opp på plassen på Hakkalegarden og sang for gjestene til Hakkalegarden.

Både barn og voksne synes dette var en veldig flott tur!

De voksne som var med på turen var:

Nina Løvik, Trine Larsen, Aina Eilertsen og Ida Teige.

27. april hadde vi en konsert på Hadartun, hvor vi hadde avtalt å ha konsert sammen med damekoret Lyst. Der fikk barna i koret utdelt pin, smykke, salmebok osv for fullførte år i koret. Det er forskjellige ting de får alt etter hvor mange år de har vært i koret. Denne utdelingen tok vi på Hadartun, så det ble gjort litt stas på de.


I 2015:

6 betalende medlemmer i Barnekantoriet

5 betalende medlemmer i minikantoriet

Kontigenten for koråret 2015-2016 var 200 kr. per medlem, og 150 kr. per person om de har søsken i koret.

Aina Eilertsen
sekretær for Hareid mini- og barnekantori



Meir himmel på jorda

Nettstad: hareid.kyrkja.no
Facebook: www.facebook.com/hareid.kyrkje.no/



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid Sokn